



SIM

Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

1/2014

MARS • ÅRGANG 21

### Ryddeaksjon 2014

SIM har i mange år lagt tilrette for rydding i Sunnhordland.

Nytt i 2014 er at ein kan søkja stønad til rydding. Les meir på s 2.

# Rydd ei strand eller eit nabolag



# Ryddeaksjon 2014

Våren er ryddetid og mange vellag, burettslag og andre er i gong med å rydda nærområdet sitt. Ein kan melda seg på ryddeaksjonen heile året, ikkje berre nokre veker om våren. Men dei fleste er med no om våren. Avfallet som vert samla inn må fraktast til ein av SIM sine miljøsentralar. Der kan det leverast kostnadsfritt.

## Kven kan vera med?

Velforeiningar, burettslag, skular, barnehagar og andre grupper av friviljuge som ynskjer å rydda område andre ikkje har plikt til å rydda etter forureiningslova (sjå slutten av artikkelen).

## Døme på område som kan ryddast

- Buområde
- Nærområde
- Turstigar
- Strender

## Korleis melda seg på?

Bruk påmeldingsskjemaet på [www.sim.as](http://www.sim.as) (velg SIM, trykk deretter på «Sjølvetbetjening» og finn skjemaet for «Påmelding ryddeaksjon»)

## Kva skjer etter at søknaden er sendt?

SIM avgjer om tiltaket er innanfor føremålet til ryddeaksjonen. SIM vil deretter ta kontakt med den som er ansvarleg for tiltaket. Ein vil deretter få tilsendt "ryddesekker". Dette er spesielle sekker som berre kan nyttast i ryddeaksjonen.

## Kva kan kastast i sekkene?

Vanleg hushaldsavfall.

*(Grovvavfall, farleg avfall og elektrisk- og elektronisk avfall (EE) skal IKKJE i sekkene, men leverast til miljøsentralen. Sjå [www.sim.as](http://www.sim.as) for informasjon om farleg avfall og EE-avfall.)*

## Er det råd å få betaling for å rydda?

Ja. SIM ynskjer å få i gong rydding av strender som ingen offentlege instansar har ryddeansvar for. I den samanheng kan ein søkje økonomisk støtte til strandrydding. I våre kommunar har Friluftsrådet ansvar for ein del utfartsområder.

Dersom ein ynskjer å rydda ei strand kan ein søkje SIM om stønad. Ein vaksen person lyt stå ansvarleg for ryddinga. Saman med søknaden lyt ein senda inn bilete av stranda ein ynskjer å rydda. Før pengane vert utbetalt lyt SIM ha bilete av stranda etter rydding.

## Kva seier forureiningslova om ryddeansvar?

Eit av hovudprinsippa i forureiningslova er at det

er den som produserer avfallet som skal betala for avfallsbehandlninga. Lova slår vidare fast at det er vegeigar som har ansvar for rydding langs veg. Den som driv daglegvarehandel, kiosk, bensinstasjon eller liknande skal setja opp boskoger på sitt område, sørgja for at dei vert tømde og elles halda området ryddig. Arrangør av tilstelling eller stemne skal sørgja for opprydding etter arrangementet.

Dersom ikkje andre eigarar/etatar har ansvar for det, skal kommunen setja opp boskoger på utfartsstader og andre sterkt besøkte offentlege stader. Den som har ansvar for å setja opp boskorgene, skal også tømme dei og sørgja for at området er ryddig.

## Usikker?

Dersom du er usikker på om ditt tiltak kjem inn under retningslinene for ryddeaksjonen, ta kontakt med SIM.

## AKSJONEN "MELD FRÅ"

"Meld frå", er eit litt "annleis" ryddetiltak.

I "Meld frå" ber SIM folk melda frå om område som er forsøpla og treng rydding. SIM vil deretter prøva å finna ut kven som "eig" boset, hjelpe vedkomande i gang med ryddinga og prøva å finna gode løysingar for avfallsleveringa. Den som melder frå treng med andre ord ikkje rydda sjølv, det er nok å tipsa. Døme på område me ynskjer melding om, er villfyllingar i skog og mark, bilvrak og strender.

# Kompostjord og plenblanding til hagen

Kompostjord og plenblanding kan heile året kjøpast på SIM sine miljøsentralar, med atterhald om at me kan gå tom i periodar.

Kompostjorda kan nyttast på jordbruksareal, i parkar og private hagar, men bør blandast med anna mold før planting. Plenblandinga, derimot, kan du så direkte i utan å blanda inn anna jord. Den består av halvt om halvt med kompostjord og sand.

Prisen er kr. 150 for ein liten tilhengjar. For større mengder kostar det kr. 300 per tonn (lastebil-lass berre i Svartasmoget). Kunden må sjølv ha med tilhengjar. I Svartasmoget, på Heiane og Husnes er det råd å få hjelp til å lessa på tilhengjaren. Dette kostar kr. 75.

## Hyttekonteinar for hyttefolk!

Fastbuande og dei som driv med utleiehytter/leiligheter skal ikkje nytta hyttekonteinaren. Dei skal ha dunkar som for fastbuande.

Syt for at du plasserer boset inni hyttekonteinaren og ikkje på utsida. Bos på utsida av konteinaren treng ikkje bety at den er full. Ofte skuldast det at folk ikkje tek seg bryet med å kasta avfallet inn

i innkastluka. Og er det først kome bos på utsida, kjem det gjerne meir. Grunnen til at innkastlukene er så små, er at det ikkje skal vera råd å kasta større gjenstandar i konteinarane. Konteinarane er for vanleg hushaldsavfall. Dersom ein har større gjenstandar skal desse leverast på miljøsentralen.



*SIM opplever til tider at returpunkta for hytteeigarar vert misbrukt.*



*Ryddedaksjonen "Meld frå" har resultert i opprydding mange stader.*

## Ynskjer betre utnytting av tekstilar og plastemballasje

SIM ynskjer å leggja til rette for betre utsortering av plastemballasje og tekstilar. På den måten kan desse fraksjonane gå til ombruk eller sendast til materialgjenvinning, i staden for til energigjenvinning. Erfaringstal viser at store mengder plastemballasje og tekstilar hamnar i restavfallet.



### Levèr på miljøsentralen

Innbyggjarane i SIM området får no tilbod om å levera tekstilar på alle SIM sine miljøsentralar. Det blir same ordning som selskapet har for plastemballasje. Tekstilane skal leverast i spesialsekker, som du får på miljøsentralen. SIM tek i mot alle typar tekstilar og klede i sekken. Pass på å knyta godt føre.

### Avtale med Fretex

SIM har avtale med Fretex som skal ta hand om tekstilane/kleda selskapet får inn. På den måten har ein eit godt apparat til å bringa vidare tekstilane og kleda til ombruk eller gjenvinning.

### Prøveordning Fitjar kommune

SIM startar samstundes ei prøveordning i Fitjar kommune der abonnentane får henta

plastemballasje og tekstilar/klede, saman med papiravfallet. SIM ynskjer på denne måten prøva å finna ut kva som er beste løysinga for å få inn mest mogeleg av desse fraksjonane. Ein vil deretter vurderer å innføra henting i alle SIM-kommunane.

### Ta kontakt med SIM:

Lurar du på noko vedrørande plastemballasje eller tekstilar?

Ta kontakt med SIM. På sin sine nettsider kan du lasta ned ein brosjyre som fortel deg kva som skal i tekstilsekken eller i plastsekken.

Gå inn på [www.sim.as](http://www.sim.as)  
Telefon 53 45 78 50  
Epost: [sim@sim.as](mailto:sim@sim.as)

saman ein gong kvart år, og i 2014 skal dei møtast fredag 25.april. Saker som skal opp på møtet kan ein få ved å ta kontakt med SIM.

### Representantskapet

Representantskapet er øvste organ i SIM, og det er sett saman av 23 medlemmer, delt på dei sju eigarkommunane etter folketal. Medlemene kjem

## OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE\*

\*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### AUSTEVOLL, PORSDALEN

Torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april-30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00

Perioden 1. okt.-31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

### BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag-torsdag kl. 12.00-18.00

### FITJAR, SVARTASMOGET

Måndag kl. 10.00-18.00

### KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og torsdag kl. 13.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 08.00-13.00

Perioden 1. april-30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00

Perioden 1. okt.-31. mars:

Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

### STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag-fredag kl. 10.00-18.00

Laurdag kl. 10.00-14.00

### SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00.

### TYSNES, EREDALEN

Tysdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april-30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00

Perioden 1. okt.-31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00



SIM

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

Svartasmoget, N-5419 Fitjar  
Telefon: 53 45 78 50  
Telefaks: 53 45 78 60

E-post: [sim@sim.as](mailto:sim@sim.as)  
Nettstad: [www.sim.as](http://www.sim.as)